



Eviny Fornybar As
Postboks 7050
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/233 - 23/2515

Saksbehandlar:
Stefan Karlstrøm
stefan.karlstrom@modalen.kommune.no

Dato:
15.09.2023

Vi ber om supplerande opplysningar - Frådeling frå gbnr. 84/1, 2 og 3

Vi viser til søknad om frådeling av arealet rundt inntaket på Almelid, gbnr. 84/1, 84/2 og 84/3, motteken 02.09.21. Saka har diverre blitt liggande alt for lenge, dette heng saman med utfordringar med bemanninga på teknisk avdeling.

Vi har no vore gjennom saka, og før vi kan handsame den vidare ber vi om at følgjande vert ettersendt:

1. Frådeling i tråd med konsesjon, kraftverkskjønn osv. er unntatt krav til søknad om frådeling, jf. SAK10 § 4-3 første ledd bokstav b. Men, frådeling er ikkje unntatt plandelen i plan- og bygningslova (pbl.), og tiltaket ligg i område avsett til LNF-føremål i arealdelen av kommuneplanen. Vi ber derfor om at de nabovarslar og søkjar dispensasjon frå LNF-føremålet, jf. pbl. § 19-2. De finn informasjon om korleis søkje dispensasjon i samarbeidskommunen vår, Alver kommune: [Alver kommune - Dispensasjon](#)
2. Vi ber om at de fyller ut *Rekvisisjon av oppmålingsforretning*: <https://kartverket.no/eiendom/skjema/rekvisisjon-om-matrikkulering-herunder-rekvisisjon-av-oppmalingsforretning>

Vidare saksgang og generell informasjon

Saka blir sett på vent til vi har motteke dokumentasjonen som manglar. Etterlyst dokumentasjon må sendast til oss 30.11.23, elles kan søknaden verte avvist eller avslått pga vesentlege manglar.

Når vi har fått inn søknad om dispensasjon vert saka sendt på uttale til statsforvaltaren, fylkeskommunen, Fjellheimen villreinområde samt til landbruksavdelinga for vurdering etter jordlova.

Har de spørsmål til saka, kan de nå meg på tlf. 97552504 eller e-post stefan.karlstrom@modalen.kommune.no

Med helsing

Stefan Karlstrøm

Sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Mottakere:

Eviny Fornybar As

Postboks 7050

5020

Bergen